


Detaljreguleringsplan for Skyttarkvia Aust del av gbnr 22/2 i Førde

Tiltakshavar: Sunnfjord Tomteselskap AS
Planrådgjevar: Nordplan AS
Prosjekt nr.: 21216 (Nordplan)

Plan-ID: 464720210009 (Sunnfjord kommune)
Plantype: Detaljreguleringsplan
Dato: 26.10.2021


Planprogram



Sunnfjord Tomteselskap AS | Planprogram for Skyttarkvia Aust

Innhold:	side
1 Innleiing	4
1.1 Bakgrunn for saka	4
1.2 Formål med planprogram og prosjektet	4
Planprogram	4
Prosjekt mål	4
1.3 Lokalisering av planområdet	4
2 Planprosess og medverknad	6
2.1 Lovgrunnlag og krav til prosess	6
Krav til prosess	6
2.2 Organisering av planprosess	6
Medverknad og informasjon	7
Framdriftsplan	7
3 Overordna planar og føringar	8
3.1 Overordna planar og føringar	8
3.2 Planprogram og konsekvensutgreiing	9
3.3 Andre utførte registreringar	9
4 Eksisterande situasjon	9
4.1 Bruk av området	9
4.2 Tilkomst/trafikk	11
4.3 Tekniske anlegg	11
5 Framtidig bruk	11
5.1 Aktuelle reguleringsføremål	11
5.2 Infrastruktur	11
6 Metode og omfang	12
6.1 ROS-analyse	12
6.2 Aktuelle problemstillingar	12
Overflatevatn/klimaendringar/nedbørutsett/ekstremvær	13
6.3 Utgreiingsbehov - summert	15
7 Konklusjon	16

Framsida: 3D kart over planområde og omkringliggjande busetnad, samt gjeldande reguleringsplanar. Kjelde: www.3d.kommunekart.com

		Prosjekt nr.: 21216		Dato: 26.10.2021	
Status / Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:	
	Utkast	26.10.2021	KAD	GMS	
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 685, 6804 Førde Tlf.: 57 88 55 00 http://www.nordplan.no/			Kundeinformasjon: Sunnfjord Tomteselskap AS v/ Gisle Stafsnes PB 392, 6802 Førde Tlf.: 91 61 34 87		
Prosjektleder: Grete Marøy Sellevoll					
Utarbeidd av: Kim-André Danielsen			Sign: <i>Kim-André Danielsen</i>		
Kontrollert av: Grete Marøy Sellevoll			Sign: <i>Grete Marøy Sellevoll</i>		

1 Innleiing

Framlegget til planprogrammet er utarbeida av Nordplan AS på vegne av tiltakshavar Sunnfjord Tomteselskap AS. Ansvarleg styresmakt for handsaming og godkjenning av planprogrammet er Sunnfjord kommune.

Eventuell synspunkt, merknadar og innspel til planarbeidet skal sendast til:

E-post:

gms@nordplan.no

eller

Post:

Nordplan AS v/Grete Marøy Sellevoll
Postboks 685, 6804 Førde

Eventuelle spørsmål kan rettast til Grete Marøy Sellevoll på mobilnr.: 950 82 925.

1.1 Bakgrunn for saka

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for eit nytt bustadområde like ved Slåtten skule i Førde, i forlenging av dei eksisterande bustadfelta Skyttarkvia og Skyttarkvia Vest.

1.2 Formål med planprogram og prosjektet

Planområdet er i dag regulert til offentlig friområde i reguleringsplan Slåtten Nord, og avsett til friområde i arealdelen til kommuneplanen 2018 – 2030, som dermed utløysar krav om planprogram og konsekvensutgreiing jamfør plan- og bygningslova § 4-1, og § 6 i forskrift om konsekvensutgreiing. Eventuell utbygging må vidare avklarast gjennom ein detaljreguleringsplan.

Planprogram

Formålet med planprogrammet er å:

- avgrense planoppgåva
- klargjere konsekvensar og problemstillingar
- avklare utgreiingsbehov relatert til miljø og samfunn
- fastsetje rammer og føringar for planarbeidet
- gi høve til tidleg medverknad
- sikre ei politisk forankring

Prosjekt mål

Målet med prosjektet er å leggje til rette for kring 14 nye bustadar innanfor planområdet, på ein slik måte at ein fremjar grunneigarane og kommunen sine intensjonar. I dette ligg at ein vil tilby attraktive bustadar og samstundes ta vare på dei kvalitetar, miljø og funksjonar som er mest nytta i området i dag.

Enkelte tema i planarbeidet skal konsekvensutgreiast, sjå kapittel 6.

1.3 Lokalisering av planområdet

Planområdet er på om lag 10 daa og ligg tett opp til eksisterande busetnad.

Lokalisering

Planområdet ligg like nordvest for Slåtten skule i Sunnfjord kommune. Avstand til Førde sentrum er ca. 2,5 km, og i underkant av 1 km til Førde sentralsjukehus. Terrenget innanfor planområdet er bratt med austvendt helling på 1:5 i snitt, og eit flatare område lengst aust. Det er etablerte bustadområde vest og sør for planområdet, og eit friluftsområde mot Førdsnipa i nord.



Fig.1 Oversiktskart 1 – Lokalisering vist med raud pil på utsnitt henta frå WMS-tenesta «Topografisk norgeskart 4»




Fig.2 Oversiktskart 2 – Lokalisering vist med raud strek på utsnitt henta frå WMS-tenesta «Topografisk norgeskart 4»

2 Planprosess og medverknad

2.1 Lovgrunnlag og krav til prosess

Lovheimel

Utarbeiding av reguleringsplan skjer med heimel i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) *kapittel 12, § 12-8 Oppstart av reguleringsplanarbeid*, der forslagsstillar skal varsle om oppstart i minst ei avis som er alminneleg lest på staden og gjennom elektroniske plattformer. I tillegg skal registrerte grunneigarar, festarar samt andre rettshavarar, offentlege myndigheiter og naboar kring planområde på ein hensiktsmessig måte informerast om at planarbeidet skal starte.

Avis: Firda

Elektronisk plattform: www.sunnfjord.kommune.no og www.nordplan.no/kunngjeringar

Varselbrev: Liste over registrerte grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter m.m. som blir tilsendt varselbrev blir lagt som vedlegg.

Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing

Med planavgrensing som skissert i fig.x, vil planen medføre regulering av eit areal på om lag 10 daa som i reguleringsplanen Slåtten Nord er regulert til offentlig friområde, og i Førde kommune sin arealdel av kommuneplan 2018-2030 er avsett til friområde.

Jamfør Forskrift om Konsekvensutgreiingar § 6 - Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding, vedlegg I, punkt 25 - Nye bustad- og fritidsbustadområde som ikkje er i samsvar med overordna plan blir dermed krav om konsekvensutgreiing og planprogram utløyst for tiltak i det aktuelle planområde.

Planprogram: Planprogrammet følgjer varsel om oppstart

KU-vurdering: Konsekvensvurdering for aktuelle tema vert ein del av planomtalen

Krav til prosess

Ein har gjennom dialog med Sunnfjord kommune kome fram til at det kan utarbeidast ein detaljreguleringsplan for planområde med vilkår om utarbeiding av planprogram og konsekvensutgreiing.

Særskilte kommunale krav:

- Ta i vare trafikktryggleik. Det vil bli utført trafikkanalyse for tilkomstvegane Slåttegeila og Skyttarkvia, og Slåttegeila skal takast med i reguleringsplanen.
- Det skal vurderast flaumsikringstiltak i forbindelse med bekken som går gjennom planområdet. Det vil bli utarbeida ein VAO-plan der aktuelle tiltak vert vurdert.

2.2 Organisering av planprosess

Samarbeid

Detaljreguleringsplanen vil bli utarbeidd i samarbeid med tiltakshavar, planrådgjevar og planavdelinga i Sunnfjord kommune og handsama politisk i Sunnfjord kommune.

Det vart den 06.10.21 gjennomført eit oppstartmøte med representantar frå Sunnfjord kommune, der Sunnfjord kommune var representert ved Anniken Heggedal, Arve Hornnes og Sissel Vedvik, Nordplan ved Kim-André Danielsen og Øyvind Sødal og tiltakshavar Sunnfjord Tomteselskap ved Gisle Stafnsnes og Bente Kristin Grønsberg Aase. Detaljreguleringsplanen vil bli utarbeida med utgangspunkt i det som kom fram under oppstartmøtet.

Samarbeidet med offentlege instansar vil skje i form av møte og gjennom dialog og innspel i samband med høyringar og oppstartsvarsel. Planprogram og høyringsforslag av detaljreguleringa vil bli forankra gjennom handsaming i Sunnfjord kommune.

Medverknad og informasjon

Varsel om oppstart av gjeldande reguleringsplan vert kunngjort i lokalavisa Firda, og lagt ut på kommunen sine nettsider samt www.nordplan.no/kunngjeringar. Varslingsbrev vert sendt ut direkte til naboar og aktuelle styresmakter. Frist for å komme med innspel og merknader er sett til **xx.xxxx 2021**.

Varsla offentlege instansar og organisasjonar

Namn	Postadresse	Postnr/Stad	E-post
Fylkesmannen i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2	6863 Leikanger	fmvlpost@fylkesmannen.no
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020 Bergen	post@vlfk.no
Statens Vegvesen Region Vest	Postboks 43	6861 Leikanger	firmapost-vest@vegvesen.no
NVE Region Vest	Naustdalsveien 1B	6800 Førde	rv@nve.no
Sunnfjord Energi	Postboks 123	6801 Førde	post@sunnfjordenergi.no
Telenor kabelnett	Postboks 7150	5020 Bergen	kabelnett@telenor.com
Sunnfjord miljøverk	Einestølen	6800 Førde	post@sum.sf.no
Sunnfjord kommune	Brann og redning	6802 Førde	bernhard.oberg@sunnfjord.kommune.no
Sunnfjord kommune	Teknisk drift	6802 Førde	leif.halvor.karstad@sunnfjord.kommune.no
Sunnfjord kommune	Slåtten skule	6802 Førde	turid.irene.hatlem@sunnfjord.kommune.no

Liste over varsla grunneigarar og naboar går fram av vedlegg til varslingsbrev, datert 02.11.2021.

Framdriftsplan

Tabellen under gir ei oversikt over berekna framdrift i arbeidet. Behandlingstidspunkt i kommunen avhenger av saksmengd og møteplanar.

Fasar i planarbeidet – gjennomført og planlagt	Samarbeid og medverknad	Behandling	Framdrift
Vedtak om oppstart	Kommune	Formannskapet i Sunnfjord kommune	06.05.2021 – gjennomført
Oppstartsmøte med Sunnfjord kommune	Kommunen, tiltakshavar og Nordplan	Førde og Jølster kommunar	13.10.2021 – gjennomført
Utarbeiding av forslag til planprogram	Kommune, fylke, utbygger	Nordplan AS	Sep. – nov. 2021 – gjennomført
Kunngjering oppstart av planarbeid	Kunngjering og brev til partar	Nordplan AS og Sunnfjord kommune	November 2021
Høyring av forslag til planprogram	Kunngjering og brev til partar	Nordplan AS og Sunnfjord kommune	November 2021
Vedtak av planprogram		Sunnfjord kommune	November-desember 2021
Utarbeiding av detaljreguleringsplan, KU, ROS og føresegner. VAO-rammeplan.	Grunneigarar, utbygger, offentlege og private partar	Nordplan AS	November-februar 2021-2022
Kommunal handsaming	Sunnfjord kommune,	Sunnfjord kommune	Februar-mars 2022

	Nordplan AS		
Politisk handsaming	Sunnfjord kommune	Sunnfjord kommune	April 2022
Offentleg ettersyn detaljplan	Kunngjering og brev til partar	Sunnfjord kommune	April-juni 2022
Behandling av merknader	Kommunen	Nordplan AS	Juni 2022
Revidering av plankart og planomtale.	Kommunen og Nordplan AS	Nordplan AS	Juni 2022
Vedtak av detaljreguleringsplan		Sunnfjord kommune	
Kunngjering av plan vedtak	Sunnfjord kommunen		
Klagefrist vedtatt plan			
Eventuell klagebehandling			
Avgjerd klagesak			

3 Overordna planar og føringar

3.1 Overordna planar og føringar

Reguleringsplan for Slåtten Nord, og Kommuneplan for Førde kommune 2018-2030, legg føringar for området. Området er regulert til offentlig friområde i reguleringsplan for Slåtten Nord, og satt av til friområde i kommuneplanen. Reguleringa legg dermed opp til ei fråvik frå desse planane, som også er utgangspunktet for krav om planprogram og KU-vurdering.

Formannskapet i Sunnfjord kommune vedtok den 06.05.21 å godkjenne oppstart av regulering for gjeldene planområde, som dermed blir sett på som eit teikn på at det er politisk vilje til at område blir regulert til framtidig bustadformål.




Fig.3 Tilgrensande reguleringsplanar – Plangrense er vist med raud strek. Kjelde for bakgrunnskart: Geonorge




Fig.4 Førde KP sinn arealdel – Plangrense er vist med raud strek. Kjelde for bakgrunnskart: Georange

3.2 Planprogram og konsekvensutgreiing

I arbeid med planprogram og konsekvensutgreiing vil eksisterande informasjonsgrunnlag bli kontrollert og oppdatert med nyare kunnskap og informasjon om område. Det vil også bli gjennomført ei risiko- og sårbarheits analyse (ROS-analyse) i samband med planarbeidet.

3.3 Andre utførte registreringar

Følgande registreringar/ faglege vurderingar er gjort innanfor planområdet:

- I NVE sin rapport «Faresonekartlegging i Førde kommune» frå 2019 er det gjort ei skredfarevurdering som er dekkande for planområdet
- Sunnfjord Geo Center foretok i oktober 2020 ei flaumfarevurdering for planområde

4 Eksisterande situasjon

4.1 Bruk av området

Basert på informasjonen som er innhenta så langt i planprosessen og synfaring i planområdet er bruken av området låg til moderat. I Sunnfjord kommunen sitt planfagleg råd kjem det fram at Slåtten skule nyttar ein mindre del av område nord for bekken, og ynskjer å behalde dette som friområde. Det går også ein sti gjennom planområdet som er ynskjeleg å bevare som snarveg mellom etablert bustadområde og Slåtten skule. I AR5 er det registrert fulldyrka jord i deler av planområdet (fig. 4), men synfaring 13.10.2021 (fig. 6) og ortofoto datert 15.08.2020 (fig. 5) viser at området i dag kan kategoriserast som open fastmark og skog.




Fig.4 - Arealresurskart AR5 for område kring planområde. Kjelde for bakgrunnskart: Geonorge



Fig.5 Ortofoto datert 15.08.20 – Plangrense vist med raud strek på utsnitt henta frå WMS-teneste for Norge i Bilder



Fig. 6 – Bilete tatt frå synfaring 13.10.2021. Biletet til venstre viser planområdet sett frå vest mot aust, og biletet til høgre viser deler av bekken som renn langs nordleg og austleg grense av planområdet.

4.2 Tilkomst/trafikk

Tilkomst til området er planlagt via dei kommunale vegane Slåttegeila og Skyttarkvia, der det er tenkt at Skyttarkvia kun skal vere tilkomst til to bueininger lengst vest i planområdet. Både Slåttegeila og Skyttarkvia er sideveggar til FV601/Angedalsvegen.

4.3 Tekniske anlegg

Det er lagt opp infrastruktur som vegar, vatn, avlaup og straumforsyning til Skyttarkvia og Slåttegeila, som er mogleg å kople seg på for det aktuelle planområdet. Det vert elles gjort ytterlegare vurderingar om behov for eventuell oppgradering av teknisk anlegg i samband med planarbeidet.

5 Framtidig bruk

5.1 Aktuelle reguleringsføremål

Aktuelle føremål i tillegg til nødvendig infrastruktur som vegar m.m. er lista opp under. Lista er ikkje uttømmende, men gjev eit intrykk av kva arealformål ein ser føre seg å opne opp for.

- Bustader, frittliggjande og -konsentrert
- Køyreveg, anna veggrunn
- Grønstruktur, leikeareal, naturområde

5.2 Infrastruktur

Arbeid med reguleringsplanen skal mellom anna avklare avkøyringspunkt i trafikken og tilknytingspunkt for vatn og avlaup, straum m.m.

6 Metode og omfang

Planprogrammet er nytta til å drøfte kor vidt det vil vere grunn til å gjennomføre konsekvensutgreiing for dei enkelte tema, i tråd med føringar i *Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven*, av 01.07.2017. Omfang av vidare planarbeid går fram av avsnitt 6.2 og kap. 7. I tillegg har ein lagt vekt på å identifisere konfliktpunkt og problemstillingar som må handsamast nærare i planomtalen.

Tiltaket vil bli skildra i detalj i planomtalen og skal teiknast opp med plankart i samsvar med gjeldande kartforskrifter. Ønska regulering inneber noko avvik i forhold til gjeldene kommuneplan. Ein oppfattar føremålet med arbeidet likevel til å vere i samsvar med kommunen sine intensjonar i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og utbygging av infrastruktur til eksisterande område.

Aktuelle avbøtande grep og/eller trong for oppfølgande undersøkingar vert gjort greie for i dei enkelte tema og i samanstillinga på slutten av dokumentet. På grunnlag av det som er kome fram i planarbeidet vil ein i lag med tiltakshavar kome med ei tilråding for korleis ei mogeleg utbygging kan skje.

6.1 ROS-analyse

I samband med oppstarten av planarbeidet er sjekklister for ROS gjennomgått, med sikte på å identifisere problemstillingar som vil krevje ekstra merksemd i planarbeidet, som ein enkel silingsrapport. Det skal som del av planarbeidet utarbeidast ein meir omfattande ROS-analyse for arealbruk i samsvar med plan- og bygningslova § 4-3. Metodikken for arbeidet er basert på Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB) sin rettleiar *Samfunnssikker arealplanlegging. Kartlegging av risiko og sårbarhet*.

Problemstillingar som er identifisert i ROS-gjennomgangen/førebuande arbeid med planen:

- Skredfare
- Flaumfare
- Overflatevatn/klimaendringar/nedbørutsett
- Brann, sløkkevatn og tilkomst for brannbil
- Trafikktryggleik
- Naturmangfald
- Friluftsliv

6.2 Aktuelle problemstillingar

Følgjande kjem ei kort utgreiing om dei foreløpige vurderingar i forhold til identifiserte problemstillingar som det vil få ekstra merksemd i planarbeidet.

Skredfare

Skredfaren i området vart kartlagt av NGI på oppdrag frå NVE i 2019, og viser at nordlege deler av planområdet ligg innanfor faresone 1/1000 med steinsprang som dimensjonerande skredtype. Det er ynskjeleg å halde bustadar utanfor denne sona dersom det er mogleg å oppnå tilstrekkeleg utnyttingsgrad. Dersom det er nødvendig å bruke delar av sona for å oppnå tilstrekkeleg utnyttingsgrad, kan det vere aktuelt å vurdere sikringstiltak.




Fig.6 - Skredfareoner frå NVE

Flaumfare

Flaumfaren innanfor planområdet er kartlagt av Sunnfjord Geo Center (SGC) i rapporten «Flaumfarevurdering på Slåtten i Førde» datert 20.10.2020. I rapporten vert det tilrådd å sette ei byggegrense frå bekkeløpet på 10 m, eller eventuelt å sikre mot erosjon dersom det er naudsynt å bygge nærmare bekkeløpet.

Overflatevatn/klimaendringar/nedbørutsett/ekstremvær

Vestlandskysten er svært utsett for vær og vind, og vêret fører årleg til store skadar på materielle verdiar. Det må takast høgde for aukande stormfrekvens i framtida når bygg og viktig infrastruktur skal utarbeidast.

Det er krav om at utbyggar skal sørgje for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn, som etter lokal forskrift skal leiast til kommunalt leidningsnett. Anlegg for overvatn skal dimensjonert for framtidig nedbørauke på 40 % i år 2100.

Brann, sløkkevatn og tilkomst for brannbil

I bakgrunn av etablering av eit nytt bustadområde må ein innhente ei brannfagleg uttale frå aktuelle myndigheit, og vurdere kapasitet på sløkkevatn, tilkomst for brannbil m.m. ROS analysen vil ta føre seg anbefalte tiltak.

Naturmangfald (Naturmangfaldlova)

Det er ikkje registrert interessante naturtypar eller førekomstar i planområde i tilgjengelege kunnskapsbasar. Det er lagt opp til ei synfaring i område og vurdere forholda til naturmangfaldlova, utan at ein gjennomfører særskilte undersøkingar av emnet.

Planframlegget slik det er beskrive i innleiinga i dette dokumentet vil, sett opp imot NML § 8 kunnskapsgrunnlaget, ikkje gjere irreversibel skade på naturmangfaldet jamfør NML § 9 føre-var-prinsippet. Ein legg til grunn at omfanget av utbygginga er relativt avgrensa, og at den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for ved realisering av gjeldene tiltak ikkje utgjer noko betydeleg risiko for naturmangfaldet jamfør NML §10. Planframlegget vil i tråd med NML § 12 bli utforma slik at ein sikrar ei utbygging med bruk av miljøforsvarlege teknikkar og

driftsmetodar. § 11, om at tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, vert ikkje rekna som relevant i denne saka. Ein må likevel legge særskilt vekt på å finne ei utforming og avgrensing på inngrepa med omsyn til naturen i området og for dei landbruksmessige aspekta.

Område er ut frå ei totalvurdering ei akseptabel lokalisering av eit bustadområde, særleg sett opp i mot at det allereie eksisterer infrastruktur som eks. vegtilkomst, vatn, avløp m.m. i nær tilknytning.

Landskap

Området grensar til eksisterande bustadområde i vest og sør, og vil passe godt inn som ei utviding av desse områda. Utbygging av området vil ikkje bryte med horisontlinjer i landskapet.

Tekniske anlegg

Det er i dag ikkje etablert infrastruktur som vatn, avløp og straumforsyning innanfor planområdet. Det skal utarbeidast ein VAO-rammeplan som del av planarbeidet, og det vil også vere naturleg å gjere vurderingar i forhold til overvatn som del av dette arbeidet.

Vurdering teknisk anlegg

Dialog med kommunen med omsyn til plan for VA inkludert tilkopling kommunal infrastruktur, samt Sunnfjord Energi/BKK med omsyn på straumforsyning til område.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområde, men det er registrert fire SEFRAK- bygg tilknytt vegane Skyttarkvia og Slåttegeila sør for planområde.




Fig.7 – SEFRAK-bygg. Kjelde: Fylkesatlas

Friluftsliv

Det er ikkje kjent at området i stor grad vert nytta til friluftsliv per dags dato. Det er foreslått at området «Skogamora», nord for Slåtten skule, skal erstatte det tapte friarealet.

Trafikktryggleik

Planområdet ligg i nær tilknytning til FV601/Angedalsvegen, med opparbeida kommunale vegar tett opp til området.

Trafikkmengda (ÅDT) var i 2020 registrert til å vere 2900 for FV601/ Angedalsvegen ved innkøyringane til Slåttegeila og Skyttarkvia. Det er ikkje registrert trafikkmengd for dei kommunale vegane inn mot gjeldene planområde, men trafikkmengda kan i hovudsak bli sett opp i mot mengda husstandar. Trafikktryggleiken for tilkomstvegane Slåttegeila og Skyttarkvia skal konsekvensutgreiast.

6.3 Utgreiingsbehov - summert

Utgreiingsbehovet går fram under dei ulike punkta ovanfor, men ei samanstilling av moglege konsekvensar og utgreiingsbehov er skjematisk framstilt i tabellen under for å gi ei samla oversikt.

Tema	Datakjelder	Mogleg omfang/innverknad	Utgreiingsbehov
Overflatevatn	Fylkesatlas	Moderat	Planomtale/ROS. Med omsyn til framtidige klimaendringar.
Naturmangfald	Fylkesatlas, Miljøstatus	Liten	Planomtale/ROS. Verknadar på naturmangfaldet vert vurdert i planomtalen.
Landskap	Fylkesatlas, lokalkunnskap, synfaring m.m.	Liten	Planomtale. Utgreie korleis ein tenker å tilpasse bustadområde til landskapet.
Friluftsliv	Miljødirektoratet, fylkesatlas, synfaring, lokal kunnskap m.m.	Liten	Planomtale. Kartlegge om det er viktige område eller trasear/stiar for friluftsliv i eller kring planområdet.
Trafikktryggleik	Tilgjengeleg kart, synfaring, SVV, lokalkunnskap m.m.	Liten/ Moderat	KU. Vurdere konsekvensar for auka trafikkmengd langs tilkomstvegane Slåttegeila og Skyttarkvia. Planomtale/ROS: Ytterlegare vurderingar.
Tekniske anlegg	Dialog med Sunnfjord kommune og BKK	Liten	Planomtale/ROS. Tekniske anlegg/løysningar på område samt tilkopling til kommunal infrastruktur.
Kulturminne og kulturmiljø	Fylkesatlas, Askeladden, dialog med kommunen og innkomne. innspel	Liten	Planomtale/ROS. Konsekvensar vert kommentert/vurdert på eit overordna nivå.

Beredskap og ulykkesrisiko	-Skredfarevurdering frå NVE - Flaumfarevurdering utført av Sunnfjord Geo Center (SGC)	Liten/ Moderat	Planomtale/ROS. Utgreie potensielle naturfarar, tilrettelegging for nødetatar, trafikktryggleik m.m.
-----------------------------------	--	----------------	---

Planomtalen skal skildre og konkludere på aktuelle utgreiingstema.

7 Konklusjon

Det vert lagt opp til å gjennomføre ei konsekvensutgreiing av temaet **trafikktryggleik**. Andre aktuelle tema vert handtert gjennom planomtale og ROS-analyse.